



DET KONGELEGE DIGITALISERINGS- OG FORVALTNINGSDEPARTEMENT

Statsbygg
Postboks 232 Sentrum
0103 OSLO

Dykkar ref

Vår ref
25/2518-1

Dato
29. desember 2025

Tildelingsbrev 2026 – Statsbygg

1. Innleiing

Digitaliserings- og forvaltningsdepartementet (DFD) viser til stortingsbehandlinga av Prop. 1 S (2025–2026) for Digitaliserings- og forvaltningsdepartementet, jf. Innst.16 S (2025–2026), vedtatt 16. desember 2025.

Departementet gjer i dette brevet greie for dei overordna prioriteringane og gir Statsbygg fullmakt til å disponere utgifts- og inntektsløyvingane for 2026, jf. reglement for økonomistyring i staten § 7. I brevet fastset departementet òg krav til Statsbygg og delegerer fullmakter.

Saman med tildelingsbrevet legg hovudinstruksen rammene for Statsbygg si verksemd i 2026.

Dersom noko er uklart i tildelingsbrevet, ber vi Statsbygg ta det opp med DFD.

2. Overordna prioriteringar og utfordringar

Staten må utnytte lokala betre. Statsbygg må bidra til ei meir berekraftig, kostnadseffektiv og samordna bygg- og eigedomsforvaltning. Dette kan til dømes gjerast ved meir effektiv bruk av eksisterande statlege lokalar, betre styring av statlege byggeprosjekt og ei meir heilskapleg og einsarta løysning på statens samla lokalbehov.

Lokale er ein vesentleg innsatsfaktor for at statlege verksemdar skal nå sine mål, og utgjer samstundes ei vesentleg utgift for staten. Statsbygg skal gi råd om kostnadseffektive løysingar med låg klima- og miljøbelastning i både byggeprosjekt og leigesaker. Effektiv

Postadresse
Postboks 8004 Dep
0030 Oslo
postmottak@dfd.dep.no

Kontoradresse
Akersg. 59
www.dfd.dep.no

Telefon*
22 24 90 90
Org.nr.
932 384 469

Avdeling
Avdeling for
forvaltningsutvikling

Saksbehandlar
Kenneth Turøy
22 24 48 60

arealbruk og utnytting av eksisterande bygningsmasse er viktig for å avgrense behovet for nybygg. I nye byggeprosjekt er det vesentleg å realisere samfunns- og effektmål på kostnadseffektivt og berekraftig vis.

Statsbygg skal sørge for ei berekraftig og effektiv eigedomsforvaltning, med verdibevarande vedlikehald som eit grunnleggjande prinsipp. Å ta godt vare på lokale det allereie er investert ressursar i, er ein vesentleg føresetnad for berekraftig og kostnadseffektiv lokalbruk.

Fleire av berekraftsmåla er relevante for Statsbygg si verksemd. Berekraftsmåla skal vere eit element i heile Statsbygg sin verksemd. Som ein stor innkjøpar av varer og tenester i Noreg si nest største næring, skal Statsbygg prioritere berekraft og pådrivarrollen der det gir mest effekt.

Energi, miljø og klima skal vere viktige omsyn innanfor alle verksemdsområde i Statsbygg. Kostnadseffektivitet skal leggjast til grunn i val og utforming av tiltak.

Bygge- og eigedomsbransjen har utfordringar med useriøse aktørar. Staten må arbeide for å hindre at useriøse aktørar vinn fram i konkurransar om statlege anbod, og for at dei som utfører arbeid for staten, etterlever lover og reglar. Statsbygg har ei viktig rolle i dette arbeidet. For å oppnå best mogeleg effekt, skal Statsbygg samarbeide med andre offentlege byggherrar om informasjonsdeling, samordning og kompetansebygging. Statsbygg skal òg samarbeide med næringa for å førebygge og avdekke brot på seriøsitetskrava.

Staten er ein stor eigedomsaktør, både som eigar og som leigetakar i marknaden. Databasen *Statens lokaler* gir ei heilskapleg oversikt over statleg lokalbruk, både i eigde og leide lokale. Databasen gir grunnlag for å styre staten sin lokalbruk på ein føremålstenleg og kostnadseffektiv måte. Departementa er ansvarlege for porteføljestyling i sine sektorar. Statsbygg skal støtte departementa med porteføljeanalysar og rådgiving i dette arbeidet.

Gode digitale løysingar legg til rette for meir effektive produksjonsformer og byggeprosessar, auka tryggleik, god arealutnytting, redusert energiforbruk og rasjonell drift av bygningane. Statsbygg skal halde fram med effektivisering og innovasjon gjennom å bruke digitale og automatiserte løysingar. *Fremtidens digitale Norge - Nasjonal digitaliseringsstrategi 2024-2030* peikar ut regjeringa si digitaliseringspolitikk fram til 2030. Statsbygg skal bidra til å realisere strategien.

Departementet vil i 2026 halde fram med arbeidet med oppfølging av ambisjonane og tiltaka i strategien for bygg og eigedom i statleg sivil sektor, *Ei berekraftig, kostnadseffektiv og samordna bygg- og eigedomsforvaltning*. Statsbygg vil framleis vere ein sentral bidragsytar i gjennomføringa og i oppfølginga av strategien.

3. Mål for 2026

Mål	Delmål
1. Statlege verksemder har effektive og berekraftige lokale som støttar føremålet til verksemdene	1.1. Statlege verksemder får råd om berekraftige og kostnadseffektive løysingar som er tilpassa deira behov 1.2. Statlege byggeprosjekt blir gjennomført kostnadseffektivt og til avtalt tid og kvalitet
2. Statleg eigedomsforvaltning er verdibevarande, berekraftig og effektiv	

3.1 Mål 1: Statlege verksemder har effektive og berekraftige lokale som støttar føremålet til verksemdene

3.1.1 Delmål 1.1 Statlege verksemder får råd om berekraftige og kostnadseffektive løysingar som er tilpassa deira behov

Utforminga av lokala påverkar produktiviteten i verksemdene og kvaliteten på arbeidet deira. Statsbygg skal gi råd om lokalbruk for ein meir effektiv utnytting av statens lokalar. Dette omfattar rådgiving til departementa på porteføljenivå, om leige i marknaden og fram til fullført forprosjekt i byggeprosjekta. Statsbygg skal bidra til innsikt i behov og moglegheiter, god utnytting av statlege eigedomar og solide grunnlag for avgjerder. Rådgivinga skal følgje gjeldande statlege retningslinjer og legge vekt på mellom anna fleksibiliteten, miljøkvalitetane og kostnadane til lokala, samt deira potensielle innverknad på lokal by- og områdeutvikling.

Eit overordna omsyn i all rådgiving er kva som er fordelaktig for staten samla sett. Samstundes er det avgjerande at statlege verksemder får råd om løysingar som støttar deira måloppnåing. Statsbygg skal gjennom rådgiving og analyse bidra til innsikt i behov, god utnytting av staten sine eigde og leigde eigedomar, berekraftige konsept og gode avgjerdsgrunnlag.

Porteføljestyling

Statsbygg skal tilby rådgiving til departementa på porteføljenivå. Rådgivinga skal legge til rette for departementa sin overordna styring av eigde og leigde lokalar og vere eit verkemiddel for prioritering, effektivisering og ein mest mogleg rasjonell bruk av porteføljen av lokale. Rådgivinga skal legge til rette for å sjå ulike behov i samanheng, òg på tvers av sektorar.

Leige

Utgifter til leige av lokale i marknaden utgjør ein betydeleg kostnad i driftsbudsjetta til statlege verksemdar. Råda frå Statsbygg skal hjelpe departementa i deira styring av porteføljen av leigde lokale. Dei skal òg legge til rette for gode leigevilkår i den enkelte leigeavtale og innsparingar for staten. Statsbygg skal òg ta omsyn til berekraft ved leige i marknaden, til dømes gjennom ombruk, seriøsitet og lokalisering som gir låg miljøbelastning, mellom anna frå dei tilsette og besøkande sine reiser til og frå lokala.

Utgreiing og utvikling av byggeprosjekt

Oppdragsdepartementet er ansvarleg for og avgjer innhaldet i forprosjektet. Statsbygg skal gi råd som fremmer eit riktig lokalisert og føremålstenleg prosjekt. Råda skal gi grunnlag for gode avgjerder i oppdragsdepartementet, mellom anna for val av konsept, prosjektet sitt omfang, kvalitet og samfunnsøkonomisk nytte. Byggeprosjekt skal minimum oppfylle krava til passivhusstandard, med mindre særskilde omsyn tilseier noko anna. Det kan til dømes gjelde ved rehabilitering av bygg. Der det er lønsamt over levetida til investeringa, skal lokal fornybar energiproduksjon, fjernvarme og/eller overskotsvarme vere inkludert i byggeprosjekta. Dei anskaffingane som Statsbygg gjer, skal stimulere til berekraftige løysingar, innovasjon og leverandørutvikling i bygg- og eigedomsnæringa.

Ved utgreiing av lokalbehov skal Statsbygg legge fram løysingsalternativ med ulikt kostnads- og ambisjonsnivå for oppdragsdepartementet, mellom anna eit nullalternativ, jf. utredningsinstruksen punkt 2-2. I tillegg skal Statsbygg vurdere om behovet kan løysast ved bruk av eksisterande bygningsmasse. Utgreiinga skal dekkje heile livsløpet til bygget.

Måloppnåing

Kva måler vi	Styringsparameter	Måling
Rådgiving som bidrar til gode avgjerdsgrunnlag	Kvaliteten til rådgivinga	Ei kvalitativ vurdering av kva for omsyn Statsbygg har vektlagt i rådgivinga
	Effektiviteten til rådgivinga	Ei kvalitativ vurdering av korleis råda til Statsbygg når fram, inkludert klima- og miljøgevinstar
Rådgiving om kostnadseffektive løysingar	Kostnadseffektivitet som følgje av rådgivinga	Bruttoareal og kostnad per tilsett i leigeavtalar der Statsbygg har vore rådgivar

Rapportering

I årsrapporten skal Statsbygg greie ut om kvaliteten på, effektiviteten til og effektar av rådgivinga si. Rapporteringa skal vere skilt på rådgiving på porteføljenivå, til leige, i utgreiingsfasen og i avklarings- og forprosjektfasen. Statsbygg skal per første kvartal og andre tertial gi ei kort, overordna vurdering av måloppnåinga.

3.1.2 Delmål 1.2 Statlege byggeprosjekt blir gjennomført kostnadseffektivt og til avtalt tid og kvalitet

Det er vesentleg at Statsbygg gjennomfører prosjekta innanfor fastsette økonomiske rammer og til avtalt tid og kvalitet. Målet for kostnadseffektivitet er å fullføre prosjekta, for porteføljen samla sett og over ei viss tid, i tråd med samla styringsramme. Dette utgjer ein vesentleg lågare kostnad enn kostnadsrammene vedtatt av Stortinget. Statsbygg skal ha stor merksemd på kostnadseffektivitet i gjennomføringa av byggeprosjekta.

Statsbygg skal ha merksemd på å gjennomføre byggeprosjekta til fastsett tid; forseinkingar påverkar sluttkostnadar og forlenger tida før statlege verksemdar får ta lokale i bruk. For at lokala skal støtte måloppnåinga til verksemdene, må dei òg helde avtalt kvalitet.

Kostnadsestimata skal ikkje ta høgd for svingingar i valutakursen.

Måloppnåing

Kva måler vi	Styringsparameter	Måling
Kostnadseffektivitet i byggeprosjekta	Samla sluttkostnad for porteføljen av ferdigstilte prosjekt dei siste fem åra	Skal ikkje overstige samla styringsramme for dei siste fem åra
Framdrift i byggeprosjekta	Byggeprosjekt blir ferdig til avtalt tid	Minimum 90 pst. (målt per kvartal) ¹
Kvalitet i byggeprosjekta	Kvaliteten på ferdigstilte bygg vurdert opp mot det som låg til grunn i forprosjektet	Ei kvalitativ vurdering av kvaliteten i byggeprosjekta

Rapportering

I årsrapporten skal Statsbygg vurdere resultata for porteføljen samla. Årsrapporten skal òg innehalde ei vurdering av resultata ordna i kategoriane (1) prosjekt utanfor husleigeordninga, (2) ordinære prosjekt innanfor husleigeordninga og (3) brukarfinansierte byggeprosjekt. Statsbygg skal i årsrapporten gje ei overordna vurdering av kvaliteten i dei ferdigstilte byggeprosjekta, inkludert korleis kutt påverkar kvaliteten. Som ein del av vurderinga skal Statsbygg gjere greie for i kor mange prosjekt det er føretatt kutt, og omfanget av kutt som del av samla styringsramme for prosjekta.

3.2 Mål 2: Statleg eigedomsforvaltning er verdibevarande, berekraftig og effektiv

Statlege eigedomar utgjer store verdier. Eigedomsforvaltninga skal vere kostnads-, areal- og energieffektiv. Statsbygg skal prioritere å betre tilstandsgrada i statlege eigedomar med vedlikehaldsetterslep.

¹ Slik det går fram av oppdragsbrev eller styringsdokument da startløyvinga låg føre.

Statsbygg forvaltar ei rekke eigedomar av stor kulturhistorisk verdi; enkelte eigedomar representerer uerstatteleg kulturarv. Forvaltninga av desse må vere basert på høg fagleg kompetanse og skje i eit nært og konstruktivt samarbeid med kulturminnemyndigheitene.

Måloppnåing

Kva måler vi	Styringsparameter	Resultatmål
Effektiv ressursbruk i eigedomsforvaltninga	Driftskostnad per kvm	Maksimum 96 kroner
	Forvaltningsareal per driftsårsverk	Minimum 10 200 kvm
Berekraft i eigedomsforvaltninga	Kjøpt energi per kvm	Reduserast med 3 pst. samanlikna med 2025

Rapportering

Statsbygg skal i årsrapporten gjera greie for overordna prioriteringar og gi ei vurdering av vedlikehaldsarbeidet og utviklinga i tilstandsgrada til bygningsmassen. Årsrapporten skal innehalde ei vurdering av effekten av gjennomførte tiltak for å sikre effektiv og berekraftig ressursbruk i eigedomsforvaltninga. Tal for driftskostnad per kvm skal i årsrapporten prisjusterast, slik at resultata over tid bli blir samanliknbare.

4. Andre føresetnadar og krav

4.1 Fellesføringar 2026

4.1.1 Systematisk og heilskapleg arbeid for å redusere klimagassutslepp, naturfotavtrykk og energibruk

Statsbygg skal arbeide systematisk og heilskapleg for å redusere klimagassutslepp, naturfotavtrykk og energibruk på kostnadseffektivt vis. Som ledd i dette arbeidet skal Statsbygg vurdere korleis klimaendringane vil påverke verksemda, gjere systematiske vurderingar av eigen energibruk, ta i bruk lønnsame energieffektive løysingar og auke energifleksibiliteten der dette er relevant.

4.1.2 Positiv utvikling i antal tilsettingar av personar med funksjonsnedsetting og eller fråvær frå arbeid, utdanning eller opplæring

Regjeringa har høge ambisjonar for inkludering og mangfald. Statlege verksemdar skal ha ei positiv utvikling i antal tilsettingar av personar med funksjonsnedsetting og/eller fråvær frå arbeid, utdanning eller opplæring.

Statsbygg sin leiing skal i samarbeid med dei tillitsvalde definere eit føremålstenleg ambisjonsnivå ut frå verksemda si eigenart og størrelse.

Statsbygg skal i årsrapporten oppgje antal tilsettingar av personar med funksjonsnedsetting og/eller fråvær frå arbeid, utdanning eller opplæring i 2026 og det totale antalet tilsettingar i

verksemda i 2026. Statsbygg skal òg omtale utviklinga i 2026 samanlikna med rapporteringa for 2025.

4.1.3 Redusere bruk av konsulentar

Det er eit mål at staten samla sett skal redusere bruk av konsulentar ved å utvikle eigen kompetanse. Statsbygg skal arbeide for å redusere bruken av konsulentar på område der verksemda kan nytte interne ressursar og kompetanse. Utover informasjons- og haldningskampanjar skal tenester frå kommunikasjonsbransjen som hovudregel ikkje nyttast.

Statsbygg skal i årsrapporten for 2026 rapportere om bruk av konsulentar og arbeidet med å redusere den. Rapporten skal omtale totalbeløp for kjøp av konsulenttenester, kva for tiltak som er iverksett og konkrete resultat. Av årsrapporten skal det gå fram kva for område det ligg til rette for å bruke interne ressursar og kompetanse, og kva for område dette ikkje gjeld. For område av Statsbygg si verksemd kor konsulentar er nytta i særleg grad, skal bakgrunnen for dette omtalast nærare. Statsbygg skal i årsrapporten òg rapportere på innleige i byggeprosjekta.

Statsbygg skal som ein del av rapporteringa òg gi ei overordna omtale av eventuelle kjøp av konsulenttenester frå kommunikasjonsbransjen (alle typar kommunikasjonstenester) i 2026 og opplyse om totalbeløp for kjøp av slike tenester. Om utgifter til kjøp av konsulenttenester er vesentlege, bør Statsbygg i note til årsregnskapet spesifisere dette nærare. Om Statsbygg har større kjøp av tenester frå andre statlege verksemdar som blir rekneskapsført som konsulenttenester, bør dette gå fram av rapporteringa.

4.2 Sikkerheit og beredskap

Statsbygg sitt arbeid med sikkerheit og beredskap må være tilpassa utviklinga i risiko- og trusselbildet.²

I 2025 kom «Nasjonal sikkerhetsstrategi» og «Totalberedskapsmeldingen». DFD forventar at Statsbygg bidrar i arbeidet med oppfølginga av disse der det er relevant. Vidare forventar vi at Statsbygg òg deltar i eventuelle relevante aktivitetar til Totalforsvarsåret 2026.

4.3 Tiltak for eit trygt og seriøst arbeidsliv

Statsbygg skal sørge for at tryggleik, helse og arbeidsmiljø er varetatt i alle delar av bygg- og eigedomsforvaltninga, frå planlegging til drift av bygningane. Statsbygg må arbeide for å redusere farlege hendingar på byggeplassar og eigedommane. Statsbygg skal vere ein pådrivar for utvikling og kompetanseheving på dette området i bygge- og eigedomsnæringa. Offentlege verksemdar har som innkjøparar av varer og tenester eit særskilt ansvar for å motverke arbeidslivskriminalitet; departementet forventar at Statsbygg går føre i arbeidet med å fremme eit seriøst arbeidsliv.

² Jf. *Risiko 2025*, Nasjonal tryggingsorgan (2025), *Fokus 2025*, Etterretningstenesta (2025) og *Nasjonal Trusselvurdering* (2025), PST.

Delar av byggebransjen har utfordringar med useriøse aktørar. Statsbygg må bruke sin posisjon for å arbeide for ein meir seriøs bygge- og eigedomsbransje. Statsbygg skal engasjere seriøse aktørar i bygge- og eigedomsbransjen som prioriterer tryggleik, helse og arbeidsmiljø. I samarbeid med offentlege og private aktørar, må Statsbygg utvikle gode metodar for å førebygge arbeidslivskriminalitet, sikre lovpålagde løns- og arbeidsvilkår og utvikle nye tiltak mot arbeidslivskriminalitet. Statsbygg skal, ved tildeling av oppdrag og i oppfølging av inngåtte kontraktar, streva etter at leverandørane følgjer lover og reglar.

Statsbygg skal samarbeide med andre offentlege byggherrar for ein meir koordinert innsats mot arbeidslivskriminalitet.

Statsbygg skal i årsrapporten gjera greie for arbeidet med tiltak for eit trygt og seriøst arbeidsliv og effekten av dette. Rapporteringa skal innehalde ei omtale av korleis verksemda jobbar med anskaffingar, og resultat frå oppfølging av inngåtte kontraktar. Vi viser til regjeringa sin handlingsplan av 1. august 2025 mot sosial dumping og arbeidslivskriminalitet.

4.4 Effektivisering og digitalisering

Departementet forventar at Statsbygg fortsett å arbeide systematisk for å effektivisere verksemda. Digitale løysingar skapar nye mogelegheiter. Statsbygg skal nytte digitalisering og automatisering for å effektivisere drifta og samhandlinga med oppdragsgivarar, brukare og bygge- og eigedomsnæringa ytterlegare.

I årsrapporten skal Statsbygg gjera greie for iverksette og planlagde effektiviseringstiltak. Statsbygg skal òg gjera greie for korleis effektiviseringsgevinstane blir henta ut, eller omdisponert.

4.5 Universell utforming

Eksisterande bygningsmasse, unntatt fengsla, skal vere universelt utforma innan 2026. Det blir òg gjort unntak frå vidare arbeid med universell utforming ved enkelte kulturhistoriske eigedomar der kostnadane blir svært høge. Det same gjeld eigedomar som skal avhendast eller som står tomme.

4.6 Rapportering på andre krav og føringar – oppsummering

For krav og føringar utover dei oppgitt under punkt 3, skal dermed følgjande rapporterast i årsrapporten for 2026:

<i>Føresetnader og krav</i>	<i>Rapportering</i>
Tiltak for eit trygt og seriøst arbeidsliv	Gjere greie for arbeidet med tiltak og effekten av dette.
Effektivisering og digitalisering	Gjere greie for iverksette og planlagde effektiviseringstiltak. Gjere greie for korleis effektiviseringsgevinstar blir henta ut eller omdisponert.

Universell utforming	Opplyse om målet er nådd
Inkludering og mangfold	Gjere greie for utviklinga i antal tilsette med funksjonsnedsetting og/eller fråvær frå arbeid, utdanning eller opplæring
Redusere konsulentbruken	Gjere greie for konsulentbruken i verksemda og arbeidet med å redusere den der det ligg til rette for å nytte interne ressursar og kompetanse

Rapporteringa står beskrive i detalj under omtala av den enkelte føresetnad ovanfor.

5. Budsjettildelingar

5.1 Budsjetttrammer 2026

I tråd med Stortinget sitt vedtak om Statsbygg sine utgifter og inntekter i 2026, er midlane stilt til disposisjon for Statsbygg. Vi viser til nærare omtale under dei enkelte kapittel og postar under programkategori 01.30 i Prop. 1 S (2025–2026) for Digitaliserings- og forvaltningsdepartementet jf. Innst. 16 S (2025–2026), jf. Stortinget sitt vedtak av 16. desember 2025.

Samla tildeling på 12 056 566 000 kroner er fordelt på følgjande utgiftskapittel og postar i 2026:

Kap. 1530 Byggeprosjekt utanfor husleigeordninga		<i>(1000 kroner)</i>
Post	Nemning	Budsjett
30	Prosjektering av bygg, <i>kan overførast</i>	60 000
31	Igangsetting av byggeprosjekt, <i>kan overførast</i>	-
33	Vidareføring av byggeprosjekt, <i>kan overførast</i>	4 150 000
36	Kunstnarisk utsmykking, <i>kan overførast</i>	54 613
45	Større utstyrskjøp og vedlikehald, <i>kan overførast</i>	2 122 000
	Sum kap. 1530	6 386 613

Kap. 1531 Eigedomar til kongelege føremål		<i>(1000 kroner)</i>
Post	Nemning	Budsjett
01	Driftsutgifter	43 889
45	Større utstyrskjøp og vedlikehald, <i>kan overførast</i>	45 992
	Sum kap. 1531	89 881

Kap. 1533 Eigedomar utanfor husleigeordninga		<i>(1000 kroner)</i>
Post	Nemning	Budsjett
01	Driftsutgifter	29 507
45	Større utstyrskjøp og vedlikehald, <i>kan overførast</i>	75 500

Sum kap. 1533	105 007
---------------	---------

Kap. 1534 Erstatningslokalar for departementa

Post	Nemning	Budsjett
01	Driftsutgifter	154 050
	Sum kap. 1534	154 050

Kap. 2445 Statsbygg (1000 kroner)

Post	Nemning	Budsjett
24.1	Driftsinntekter	-7 996 000
24.2	Driftsutgifter	2 805 858
24.3	Avskrivningar	2 281 000
24.4	Renter av statens kapital	2 510 000
24.6	Til reguleringsfondet	
	Sum post 24 Driftsresultat	-399 142
30	Prosjektering av bygg, <i>kan overføres</i>	302 300
31	Igangsetting av ordinære byggeprosjekt, <i>kan overføres</i>	0
32	Prosjektering og igangsetjing av brukarfinansierte byggeprosjekt, <i>kan overføres</i>	277 000
33	Videreføring av ordinære byggeprosjekt, <i>kan overføres</i>	3 640 059
34	Videreføring av brukarfinansierte byggeprosjekt, <i>kan overføres</i>	850 000
39	Renter på byggelån, <i>kan overføres</i>	231 000
45	Større utstyrskjøp og vedlikehold, <i>kan overføres</i>	381 779
49	Kjøp av eiendomar, <i>kan overføres</i>	38 019
	Sum kap. 2445	5 321 015

Kap. 1530, post 33

Statsbygg kan fordele løyvinga mellom dei ulike prosjekta som blir finansiert over posten, avhengig av framdrift og likviditetsbehov for det enkelte prosjekt i 2026.

Kap. 1530, post 45

Oppdragsdepartement er ansvarleg for gjennomføring av brukarutstyrsprosjekt. Statsbygg kan hjelpe til i anskaffingane i brukarutstyrsprosjekt tilhøyrande dei byggeprosjekt Statsbygg er byggherre for.

Statsbygg er gitt i oppdrag å gjennomføre følgande brukarutstyrsprosjekt i 2026:

Oppdragsgivar	Prosjekt	Kostnadsramme ³ , i 1 000 kroner
DFD	Nytt regjeringskvartal, byggetrinn 1	394 900
DFD	Nytt regjeringskvartal, byggetrinn 2 del 1	233 800

³ Prisnivå per 1. juli 2026

KD	NTNU Campussamling	648 500
KD	Livsvitskapsbygg	1 447 300
KD	Vikingtidsmuseet	357 400
NFD	Norsk havteknologisenter	5 657 700

Det pålegg oppdragsgivardepartementa å delegere fullmakt for å kunne pådra forpliktingar ut over budsjettåret i nemnde brukarutstyrsprosjekt til Statsbygg. Statsbygg kan ikkje ta på seg ansvar for å gjennomføre andre brukarutstyrsprosjekt utan at det i forkant er godkjend av DFD.

Kap. 1533, post 45

Statsbygg skal redusere vedlikehaldsetterslepet på enkelte eigedomar utanfor husleigeordninga. Frå og med 2015 har det blitt avsett midlar til ekstraordinært vedlikehald og oppgradering av bygningsmassen, jf. Prop. 1 S og Innst. 16 S (2014–2015). Ordninga blir vidareført i 2026, og det er løyvd 35 mill. kroner til føremålet.

Kap. 2445, post 24

Samla driftsresultat blir auka med 34,5 mill. kroner, til 399,1 mill. kroner. Endringa er varig.

Statsbygg må forskottere kostnadane ved å fjerne tryggingstiltak i og rundt Victoria Terrasse før eigendommen blir seld. Statsbygg blir kompensert for desse kostnadane i etterkant ved trekke frå kostnadene frå gevinst ved sal av eigendommen.

Kap. 2445, post 33

Statsbygg kan fordele løyvinga mellom dei ulike prosjekta som blir finansiert over posten, avhengig av framdrift og likviditetsbehov for det enkelte prosjekt i 2026.

Statsbygg skal føre til inntekt 5,8 mill. kroner på følgjande inntektskapittel og post i 2026:

Kap. 4533 Eigedomar utanfor husleigeordninga		<i>(1000 kroner)</i>
Post	Nemning	Budsjett
02	Diverse inntekter	5 771
	Sum kap. 4533	5 771

5.2 Endring av tildelte løyvingar 2026

Uventa utgifter eller bortfall av inntekter skal dekkast innanfor tildelt budsjettamme og gitte fullmakter. Dersom dette ikkje er mogeleg, skal Statsbygg foreslå endringar av budsjettet i innspel til revidert nasjonalbudsjett på våren, eller til nysalderinga på hausten. Slike forslag skal innehalde

- ei grunngiving for forslaget om inntekts-/utgiftsendring.
- ei skildring av dei viktigaste føresetnadane for løyvingsforslaget og eventuell usikkerheit forbunde med det.
- informasjon om tiltak for å minimere utgiftsauken/reduksjonen i inntekter.

- forslag til inndekning av utgiftsauken/reduksjonen i inntekter.
- budsjettkonsekvensar for dei påfølgjande åra.
- ei eventuell omtale av gevinstrealisering der det er aktuelt.

Dersom Statsbygg foreslår endringar i løyvingane til brukarfinansierte byggeprosjekt, skal ei oversikt over løyvingsbehovet for det enkelte prosjekt òg ligge ved.

Tidspunkt for å fremme forslag til departementet står i vedlagde styringskalender.

6. Fullmakter

I tillegg til fullmaktene som er delegerte i hovudinstruksen for Statsbygg, er følgjande fullmakter delegert for 2026.

6.1 Fullmakter til å overskride gitte løyvingar

Departementet samtykkar i at Statsbygg i 2026 kan

1. overskride kap. 1531, post 01 med inntil 2 pst. mot tilsvarende meirinntekter under kap. 4531, post 01.
2. overskride kap. 1533, post 01 mot tilsvarende meirinntekter under kap. 4533, post 02.
3. overskride kap. 2445 Statsbygg, postane 30–34, 45 og 49, med inntil 250 mill. kroner, mot dekning i reguleringsfondet.
4. overskride kap. 2445 Statsbygg, postane 30–34, 45 og 49, med beløp som svarar til netto gevinst frå sal av eigedomar.

6.2 Fullmakter til å omdisponere løyvingar til investeringstiltak

Departementet samtykkar i at Statsbygg i 2026 kan omdisponere under budsjettkapittel

1. 1530 Byggeprosjekt utanfor husleigeordninga, mellom postane 31 og 33.
2. 1531 Eigedomar til kongelege føremål, frå post 01 til 45.
3. 1533 Eigedomar utanfor husleigeordninga, frå post 01 til 45.
4. 2445 Statsbygg, mellom postane 30, 31, 33, 45 og 49.
5. 2445 Statsbygg, mellom postane 32 og 34, og post 49 i dei tilfelle det er aktuelt å kjøpe fast eigedom som ledd i gjennomføringa av brukarfinansierte byggeprosjekt.

6.3 Fullmakt til å pådra staten forpliktingar i investeringsprosjekt

Departementet samtykkar i at Statsbygg i 2026 kan

1. følgje opp fullmakt under Digitaliserings- og forvaltningsdepartementet om oppstart av byggeprosjekt ved å gjere bestillingar og pådra staten forpliktingar ut over budsjettåret, innanfor dei økonomiske rammene for prosjektet:

Prosjekt:	budsjettkapittel og post
Nasjonal minnestad etter 22. juli	kap. 1533, post 45

2. følge opp byggeprosjekt som allerede er sett i gang ved å gjøre bestillingar og pådra staten forpliktingar ut over budsjettåret i desse prosjekta, innanfor de økonomiske rammene for kvart enkelt prosjekt:

Prosjekt:	budsjettkapittel og post
NTNU Campussamling	kap. 1530, post 33
UiO Livsvitskapsbygget	kap. 1530, post 33
UiO Vikingtidsmuseet	kap. 1530, post 33
Norsk havteknologisenter	kap. 1530, post 33
Rehabilitering av Bergen tinghus	kap. 2445, post 33
Oslo fengsel, avdeling Ullersmo	kap. 2445, post 33
Fagskule for brann- og redningspersonell, hyblar	kap. 2445, post 33
Blått bygg ved Nord universitet	kap. 2445, post 33
22. juli-senteret	kap. 2445, post 33
Byggetrinn 1 for nytt regjeringskvartal	kap. 2445, post 33
Energiløysing for nytt regjeringskvartal	kap. 2445, post 33
Byggetrinn 2, del 1 av nytt regjeringskvartal	kap. 2445, post 33
Innlandet fengsel, Ilseng avdeling	kap. 2445, post 33
Griegakademiet	kap. 2445, post 33

3. bestille og pådra staten forpliktingar ut over budsjettåret for byggeprosjekt i reklamasjonsfasen og sluttoppgjer under kap. 1530 og kap. 2445, innanfor de økonomiske rammene for prosjekta.
4. følge opp brukarutstyrprosjekt som allerede er sett i gang ved å gjøre bestillingar og pådra staten forpliktingar ut over budsjettåret i desse prosjekta, innanfor de økonomiske rammene for kvart enkelt prosjekt:

Prosjekt:	budsjettkapittel og post
Nytt regjeringskvartal, byggetrinn 1	kap. 1530, post 45
Nytt regjeringskvartal, byggetrinn 2 del 1	kap. 1530, post 45

6.4 Fullmakter som gjeld brukarfinansierte byggeprosjekt

Departementet samtykker i at Statsbygg i 2026 kan

1. setje i gang brukarfinansierte byggeprosjekt finansierte med midlar løyvde på kap. 2445 Statsbygg, post 32, utan at kostnadsramma er vedtatt av Stortinget, når leietakaren har dei husleiemidane det er behov for innanfor gjeldande budsjetttrammer.
2. forplikte staten ut over budsjettåret ved gjennomføring av brukarfinansierte byggeprosjekt finansierte med midlar løyvde på kap. 2445 Statsbygg, post 32 og post 34. Gamle og nye forpliktingar kan ikkje overskride 1 400 mill. kroner.

Departementet viser til [retningslinjer](#) for gjennomføring av brukarfinansierte byggeprosjekt.

6.5 Diverse fullmakter

Departementet samtykker i at Statsbygg i 2026 kan

1. godkjenne sal, makeskifte eller bortfeste av eigedom forvalta av Statsbygg eller statlege verksemdar som ikkje har ei eiga salsfullmakt, for inntil 750 mill. kroner.
2. godkjenne kjøp av eigedom finansiert ved salsinntekter, innsparte midlar eller midlar frå reguleringsfondet for inntil 300 mill. kroner totalt, ut over løyvinga på kap. 2445 Statsbygg, post 49.
3. korrigere sin balanse med inntil 10 mill. kroner samla dersom prosjekterings- og investeringsmidlar ført på kap. 2445 Statsbygg blir overført til andre budsjettkapittel eller prosjekta ikkje blir realisert.
4. avskrive anleggsmidlar frå det tidspunktet dei blir tatt i bruk, jf. Prop. 1 S (2014–2015).
5. disponere inntil 20 pst. av usikkerheitsavsetninga i ordinære byggeprosjekt, bortsett frå byggetrinn 1 i nytt regjeringskvartal, men maksimalt opp til 50 mill. kroner av usikkerheitsavsetninga.
6. Selje Victoria Terrasse

6.6 Fullmakt til postering mot mellomværet med statskassa

Departementet samtykker i at Statsbygg i 2026 kan

1. postere til og frå reguleringsfondet som del av mellomværet med statskassa.
2. føre inn- og utbetalingar som gjeld bruksavhengige driftskostnadar og tilleggsavtalar mot mellomværet med statskassa.
3. føre utlegg som skal vidarefakturerast og tilhøyrande innbetalingar mot mellomværet med statskassa.
4. føre innbetalingar frå oppdragsgivar som delfinansierer innbetalingar mot mellomværet med statskassa. Innbetalingane blir nettoført på investeringspostane i takt med når investeringskostnadane blir påkomne.

6.7 Presisering av fullmaktene i pkt. 6.1–6.6

Fullmakt 6.1, nr. 4 opnar for at Statsbygg kan overskride investeringspostane 30–34, 45 og 49 med eit beløp tilsvarande netto salsgevinst (salsinntekt fråtrekt bokført verdi og salskostnadar) frå sal av eigedomar, i tillegg til mogelegheita for å overskride dei same postane med inntil 250 mill. kroner mot dekning i reguleringsfondet som fullmakt 6.1, nr. 3 inneber. Post 49 kan ikkje overskridast med meir enn 300 mill. kroner, jf. fullmakt 6.5, nr. 2.

DFD delegerer ikkje fullmakt til å overskride kap. 2445, post 39 mot dekning i reguleringsfondet eller salsgevinstar, jf. fullmakt 6.1, nr. 3 og 4.

Fullmakt 6.2, nr. 4 gir Statsbygg mogelegheit til å omdisponere mellom dei angitte postane, med unntak av omdisponeringar frå postane 31 og 33 til post 30, 45 og 49. Statsbygg kan heller ikkje omdisponere frå post 30 til post 49.

Fullmakt 6.3, nr. 1 inneber at Statsbygg kan inngå kontraktar som forpliktar staten utover årets løyving, men innanfor styringsramma⁴ for det enkelte prosjekt. Det gjeld eigne fullmakter for disponering av usikkerheitsavsetninga (differansen mellom kostnads- og styringsramma), jf. fullmakt 6.5, nr. 5. Bruk av usikkerheitsavsetninga utover kva fullmakt 6.5, nr. 5 opnar for må DFD gi særskilt løyve til.

Fullmakt 6.4, nr. 2 gjeld alle forpliktingar ut over budsjettåret for brukarfinansierte byggeprosjekt, òg forpliktingar som blir inngått før igangsetting.

Fullmakt 6.5, nr. 1 gjeld ved sal, makeskifte eller bortfeste av fast eigedom. Sala skal skje i tråd med reglane i avhendingsinstruksen, eller med grunnlag i vedtak fatta av Stortinget.

Fullmakt 6.5 nr. 3 opnar for at Statsbygg kan kjøpe fast eigedom for inntil 300 mill. kroner totalt utover løyvinga på kap. 2445 Statsbygg, post 49 Kjøp av eigedomar. Kjøp utover løyvinga på post 49 må finansierast enten med salsinntekter eller med midlar frå reguleringsfondet. Fullmakta gjeld berre kjøp av fast eigedom for bruk av verksemder i statleg sivil sektor. Kjøp som faller utanfor denne fullmakta, må departementet godkjenne i kvart enkelt tilfelle.

Fullmakt 6.5, nr. 4 inneber eit unntak frå hovudregelen om avskrivningstidspunkt for forvaltningsbedriftene, jf. St.prp. nr. 48 (2004–2005) *Om bevilgningsreglementet* og Innst. S. nr. 187 (2004–2005).

Fullmakt 6.6 gir Statsbygg unntak frå kontantprinsippet for føring mot mellomværet med statskassa, jf. endringar i økonomiregelverket frå 1.1.2020.

7. Rapportering og resultatoppfølging

Statsbygg skal rapportere etter krava i tildelingsbrevet og hovudinstruksen. Tidspunkt for etatsstyringsmøte og rapporteringar i 2026 står skrive i styringskalenderen i vedlegget.

7.1 Årsrapport og årsrekneskap

Statsbygg skal sende årsrapporten for 2026 til departementet innan 27. februar 2027, med kopi til Riksrevisjonen. Årsrapporten skal tilfredsstille krava i hovudinstruksen for Statsbygg.

⁴ Normalt sett har Statsbygg berre fullmakt til å inngå forpliktingar på vegne av staten innanfor styringsramma. Unntak frå dette må vere godkjent av departementet, jf. *instruks om håndtering av bygge- og leiesaker i statlig sivil sektor* pkt. 4.5.2.

Rapporten skal innehalde rapportering om måloppnåing og styringsparameterar omtala i dette tildelingsbrevet, jf. pkt. 3 Mål for 2026 og pkt. 4 Andre føresetnadar og krav.

Statsbygg skal sende ein korrekt, dekkande og komplett årsrapport til departementet. Statsbygg skal ikkje endre årsrapporten etter at den er sendt til departementet, med mindre det er særskilde forhold som gjer det nødvendig.

8. Budsjettmessige føresetnadar

Statsbygg har ansvar for å planlegge verksemda i 2026 slik at måla blir nådd innanfor løyvingane som er stilt til disposisjon i dette brevet, jf. reglement for økonomistyring i staten § 9 og Bestemmelser om økonomistyring i staten, pkt. 2.2.

I punkt 6.1 og 6.2 er Statsbygg gitt fullmakter til å overskride løyvingar og omdisponere mellom budsjettpostar. Utover dette kan ikkje Statsbygg overskride utgiftsløyvingane eller bruke dei til andre føremål enn føresett av Stortinget, jf. bevilgningsreglementet § 5.

Statsbygg har ansvar for å setje i verk tiltak slik at det ikkje oppstår behov for å auke løyvingane. Departementet føreset at Statsbygg gir rask beskjed om vesentlege endringar i budsjettføresetnadane.

Med helsing

Hanne Jule (e.f.)
avdelingsdirektør

Kenneth Turøy
Fagdirektør

Dokumentet er signert elektronisk og har derfor ikkje handskrivne signaturar

Kopi

Riksrevisjonen

Vedlegg:
Styringskalender for Statsbygg for 2026

Vedlegg 1

Styringskalender for Statsbygg for 2026

<i>Månad</i>	<i>Rapportering/møte</i>	<i>Tidspunkt</i>
Januar	Statsrekneskapen 2025 – heimelsversikt	6.1.2026
	Rekneskapsrapport til statsrekneskapen skal sendast DFØ med kopi til DFD	16.1.2026
	Statsrekneskapen 2025 – bekrefting/ompostering for foreløpig rekneskap, oversikt over balanse, posteringar til kapitalrekneskapen, bekrefting/forklaring av mellomværet med statskassa, rapport om aksjeinteresser	26.1.2026
	Statsrekneskapen 2025 – forklaringar til statsrekneskapen og søknad om overføring av ubrukte løyvingar til 2026	30.1.2026
	Svalbardrekneskapen 2025 skal sendast til Justis- og beredskapsdepartementet med kopi til DFD	30.1.2026
	Statsbudsjettet 2026 – innspel til RNB	18.2.2026
	Statsbygg sin årsrapport for 2025	27.2.2026
Februar	Svalbardrekneskapen 2025 – årsrapport 2025	27.2.2026
Mars	Etatsstyringsmøte nr. 1	13.3.2026
April	Svalbardbudsjettet 2027 – innspel til Svalbardbudsjettet	1.4.2026
	Statsbudsjettet 2026 – Risikovurdering og statusrapport per 31.3.2026	29.4.2026
Mai	Statsbudsjettet 2027, innspel til rammefordelingsforslaget	4.5.2026
	Statsbudsjettet 2027 – forslag til tekst til Prop. 1 S (2026-2027)	15.5.2026
	Etatsstyringsmøte nr. 2	20.5.2026
	Svalbardbudsjettet 2026 – rapportering per 30.4.2026	21.5.2026
Juni	Behov for større endringar i 2. halvår 2026	12.6.2026
september	Statsbudsjettet 2026– innspel til nysalderinga	18.9.2026
	Statsbudsjettet 2026 – risikovurdering og statusrapport per 31.8.2026	25.9.2026
	Svalbardbudsjettet 2026 – rapportering per 31.8.2026	25.9.2026
Oktober	Etatsstyringsmøte nr. 3	15.10.2026
November	Statsbudsjettet 2028 – innsparings- og satsingsforslag	10.11.2026
	Svalbardbudsjettet 2028 – innspel til samla vurdering	13.11.2026
	Etatsstyringsmøte nr. 4	25.11.2026
	Statsbudsjettet 2028 – innspel til konsekvensjustert budsjett og spesifikasjon av driftspostane	27.11.2026



DET KONGELIGE DIGITALISERINGS-
OG FORVALTNINGSDEPARTEMENT

Statsbygg
Postboks 232 Sentrum
0103 OSLO

Deres ref

Vår ref
25/398-1

Dato
3. februar 2025

Svalbardbudsjettet - Tildelingsbrev 2025

Vi viser til Prop. 1 S (2024–2025) Svalbardbudsjettet, jf. Innst. 17 S (2024–2025) og vedlagte brev fra Justis- og beredskapsdepartementet (JD).

Statsbygg har ansvar for statlige bygg og å gjennomføre byggeprosjekter på Svalbard. Statsbygg har også ansvar for å forvalte boligpoolen i Longyearbyen.

1. Bevilgninger

Følgende midler blir stilt til disposisjon for 2025.

Kap. 0020 Statsbygg Svalbard

Post 01 Driftsutgifter	2 500 000 kroner
Sum	2 500 000 kroner

Bevilgningen dekker deler av lønns- og driftsmidlene for Statsbygg sitt kontor i Longyearbyen.

2. Rapportering

Vi ber Statsbygg oversende regnskapsrapport for andre tertial innen 26. september 2025. Regnskapsrapporten skal vise utgifter og inntekter, samt forventet status ved årets slutt. Større avvik må forklares. JD vil sende en egen bestilling om regnskapsstatus ved årets slutt.

Videre ber vi Statsbygg oversende en årsrapport innen 15. mars 2026, med kopi til Riksrevisjonen. Rapporten skal blant annet inneholde:

- Hvordan Statsbygg er organisert på Svalbard
- Omtale av boligforvaltningen i Longyearbyen, blant annet antall disponible leiligheter

Postadresse
Postboks 8004 Dep
0030 Oslo
postmottak@dfd.dep.no

Kontoradresse
Akersg. 59
www.dfd.dep.no

Telefon*
22 24 90 90
Org.nr.
932 384 469

Avdeling
Statsforvaltningsavdelingen

Saksbehandler
Kenneth Turøy
22 24 48 60

- Regnskapsrapportering
- Eventuell overføring av ubrukt bevilgning til 2026.

Med hilsen

Hanne Jule (e.f.)
avdelingsdirektør

Kenneth Turøy
fagdirektør

Dokumentet er elektronisk signert og har derfor ikke håndskrevne signaturer

Kopi
Riksrevisjonen
Justis- og beredskapsdepartementet

Digitaliserings- og forvaltningsdepartementet
Postboks 8004 Dep
0030 OSLO

Deres ref.

Vår ref.
25/5535 - EMO

Dato
22.12.2025

Fullmakt til å belaste Svalbardbudsjettet 2026 - Statsbygg

Justis- og beredskapsdepartementet (JD) viser til Prop. 1 S (2025–2065) Svalbardbudsjettet, jf. Innst. 17 S (2025–2026). Brevet er utarbeidet på grunnlag av Stortingets endelige budsjettvedtak av 19. desember 2025. Med bakgrunn i dette stilles følgende fullmakter, utgiftskapitler til disposisjon for Digitaliserings- og forvaltningsdepartementet (DFD) i 2026:

1. KAP. 0020 STATSBYGG SVALBARD

Post 01 Driftsutgifter **2 590 000 kroner**

Bevilgningen skal dekke deler av lønns- og driftskostnadene for Statsbygg sitt kontor i Longyearbyen. Følgende kostnader inngår ikke i bevilgningen, jf. omtale i Prop. 1 S:

- Husleie for Statsbyggs ansatte på Svalbard
- Husleie for og delvis drift av nye kontorlokaler
- Arbeidsklær, avtalefestet reisekostnad og vedlikehold av biler

2. FORUTSETNING FOR BRUK AV MIDLENE

DFD er ansvarlig for at bevilgningene benyttes i tråd med Stortingets budsjettvedtak og innenfor rammene av gjeldende regelverk. DFD er ansvarlig for at styringssignaler og fullmakter i dette brevet videreformidles og delegeres gjennom tildelingsbrev. Tildelingsbrevet må publiseres på regjeringen.no. Vi ber om kopi av relevant

styringsdialog. DFD skal informere JD om vesentlige avvik vedrørende bruk av bevilgningene straks departementet får kjennskap til slike avvik. Ut- og innbetalinger knyttet til Svalbardbudsjettet skal rapporteres til statsregnskapet i virksomhetens S-rapport med postering mot statskonto 845004 *Avsetninger i svalbardbudsjettet*.

3. TERTIAL- OG ÅRSRAPPORTERING

1. Det bes om regnskapsrapport for andre tertial 2026 innen 20. august 2026. Regnskapsrapporten skal vise utgifter og inntekter fordelt på kapittel og post som DFD har fått tildelt midler på. Rapporten skal i tillegg gi et estimat for forventet budsjettstatus ved årets slutt, og eventuelle avviksforklaringer sammenlignet med opprinnelig budsjett.
2. JD ber om at det oversendes regnskap ved årets slutt til JDs utarbeidelse av svalbardbudsjettet. JD vil sende en særskilt bestilling om dette i januar 2027.
3. JD ber i tillegg om årsrapportering på bruk av midlene innen 15. mars 2027. Denne rapporteringen er altså i tillegg til regnskapsrapporteringen ved årets slutt. Vi ber om at det her oppgis om eventuelt mindreforbruk på inntil fem pst. av ubrukt driftsbevilgning ønskes overført til 2026, sammen med forklaring knyttet til eventuelt mindreforbruk, jf. Stortingets bevilgningsreglement § 5, 3. ledd.

Årsrapporten skal inneholde følgende

- Hva bevilgningene er brukt til og måloppnåelse
- Organisering av Statsbygg på Svalbard
- Omtale av Statsbyggs boligpool, bl.a. antall leiligheter disponible
- Rapport på den planlagte overføringen av boliger fra Longyearbyen lokalstyre til Statsbygg

For statlige virksomheter som rapporterer til Svalbardregnskapet gjennom S-rapport skal posteringer mot statskonto 845004 *Avsetninger i Svalbardregnskapet* fremgå av virksomhetens årsregnskap, jf. rundskriv R-115 om utarbeidelse og avleggelse av statlige virksomheters årsregnskap med tilhørende veiledningsmateriell.

DFØ har utarbeidet en forklaring til oppstilling av årsregnskap for virksomheter som rapporterer på statskonto 845004 *Avsetninger i Svalbardregnskapet*.

Forklaringen kan hentes via følgende link:

<https://dfo.no/fagomrader/årsregnskap> under overskriften «Virksomheter som rapporterer statskonto 845004 *Avsetninger i svalbardregnskapet*».

4. VEDTEKTER FOR LONGYEARBYEN BOLIGUTVALG

JD fastsatte gjennom brev av 21. desember 2000 vedtekter for Longyearbyen boligutvalg. JD finner at vedtektene ikke er oppdaterte og finner det ønskelig med en revisjon.

JD vil i første omgang invitere DFD og Statsbygg til et møte om saken.

Med hilsen

Øystein Mortensen
ekspedisjonssjef

Erik Mosli
fagdirektør

Dokumentet er elektronisk godkjent og sendes uten signatur

Kopi til
Riksrevisjonen

Adresseliste

Digitaliserings- og forvaltningsdepartementet